

## Vedlegg 2: Fordeling av tilskot til kommunale klimatiltak

Tilskotsordninga skal stimulere til klimaarbeid i kommunane i Vestland. Midlane skal nyttast til utvikling og gjennomføringa av klimaarbeidet i tråd med nasjonale og regionale innsatsområde, men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Normalt støttebeløp er maksimalt 200 000 kr og inntil 50 prosent av total kostnad. Kommunen må ha eigen finansiering, men dette kan vere i form av eigeninnsats. Fleire kommunar, interkommunale selskap eller kommunale føretak kan gå saman om å sökje, og støttesummen kan då vurderast auka opp.

Tittel	Søkar	Søkt om	Innvilga	Skildring frå søknad
<b>Søknadsfrist 15. mai 2020</b>				
Elektriske tenestesyklar i Sunnfjord kommune	Sunnfjord kommune	290 000	145 000	Sunnfjord kommune vil kjøpe inn 10 elektriske tenestesyklar til bruk for tilsette, og andre offentlege kontor sine tilsette i arbeidstida. Føremålet er å redusere bruk av bilar på korte avstandar, mellom rådhuset og kommunale verksemder i Førde sentrum.
Sats på sykkel!	Vik kommune	199 000	100 000	Sykkelsatsing med 7 delprosjekt for å auke sykkelbruken i Vik. For å redusere klimagassutsleppet frå transport i kommunen, ynskjer vi at fleire innbyggjarar i Vik brukar sykkel i staden for bil. For å oppnå dette vil vi gjennomføre ein tiltakspakke som skal legge betre til rette for bruk av sykkel: sykkelparkering som både er trygg og tek vare på sykkelen, tiltak for å fremje el-sykkel som erstatning for bil på kortare turar, omdømmebygging for sykkelen som miljøvenleg framkomstmiddel, motivasjon og kunnskapsbygging.
Vossabike	Voss herad	100 000	200 000	Vossabike eller Voss Bygdesykkel er eit EL sykkelprosjekt som skal tilby miljøvenleg transport i sentrum. Samarbeid med Vy, Destinasjon Voss, Voss parkering og Kveik. Dette er eit prioritert tiltak i Voss kommune sin Energi og Klimaplan. Få innvilga meir midlar til gjennomføring, som ei felles løvning frå søknad med Vossabike i tilskot til drift av miljøorganisasjonar.
Grøn tråd i bygg og eigedom - kompetansehevingstiltak for klima og miljø	Sunnfjord kommune	100 000	50 000	Kommunen som verksemd skal følgje opp vedteken klimaomstettingsplan og tiltak innanfor energibruk, materialbruk og grøne innkjøp i investering og drift av kommunale bygg. For å lukkast med dette ynskjer vi å etablere ein "grøn tråd" i bygg- og eigedomsforvaltninga vår. Dette omfattar både ein kompetanseheving for dei tilsette innanfor klima- og energitiltak, og etablering av ein praksis der klima- og miljøomsyn blir ein naturleg del av større og mindre prosjekt
"Klima - det me lever av" - Bømlo kommune	Bømlo kommune	200 000	155 000	Bømlo kommune har ein ny samfunnsdel til kommuneplanen med klimamål, budsjettvedtak om klimatiltak og er i gong med miljøfyrtaarnsertifisering. Eit eige klimaprogram er på trappene. I tillegg har kommunestyret oppretta eit nytt politisk utval for å ha fokus på natur, klima og miljø. Dette er ambisiøse og ressurskrevjande prosessar, kor ny kompetanse og klimaleiing no blir vesentleg.

				Difor sett me opp eit slik klimaprosjekt som vil vere svært gunstig i klimaarbeidet vårt.
Miljøsertifisering av Austrheim kommune	Austrheim kommune	100 000	100 000	Austrheim kommune ønsker å jobbe helhetlig, systematisk og langsiktig med tiltak som bidrar til å oppnå flere av FNs bærekraftmål. Ved at vi blir miljøsertifisert skape vi økt miljøbevissthet, stolthet og engasjement blant våre ansatte. Det som vi konkret ønsker er å starte opp med at rådhuset blir miljøfyrtårn, for så å jobbe oss videre ut i kommunen sine ulike virksomheter.
Kompetanseheving om reduksjon av klimagassutslepp - Gloppen kommune	Gloppen kommune	150 000	150 000	Gloppen kommune ønskjer i samarbeid med lokalt næringsliv å auke kompetansen på korleis vi kan redusere klimagassutslepp. Vi vil gjere ei kartlegging av lokalt næringsliv og deira potensiale for klimagassreduksjon, samstundes som vi ser muligheter for klimavennleg teknologiutvikling og omstilling. Basert på kartlegginga treng vi ekstern hjelp til å analysere og vurdere mulighetane for klimatiltak som ligg til vårt lokale næringsliv.
Sirkulær økonomi i Sunnfjord kommune - forankring og kartlegging	Sunnfjord kommune	100 000	50 000	Vi ønskjer å kartlegge mulighetane for å introdusere sirkulær økonomi som eit viktig grep for å redusere klimagassutsleppa i Sunnfjord kommune, og som kan stimulere til grøn næringsutvikling i kommunen og i regionen. Prosjektet vil vere i tråd med fleire av tiltaka i kommunen sitt klimahandlingsprogram for 2019-2022. Denne søknaden gjeld første fase der vi samarbeider med ekstern konsulent for å definerer omfang, ambisjonsnivå, samarbeidspartar, aktuelle næringar, finansieringsmuligheter osv.
<b>Søknadsfrist 15. september 2020</b>				
Brukarundersøking - utslepp som følge av personleg forbruk	Kinn kommune	250 000	100 000	Klimanettverket Kinn, Gloppen og Sunnfjord ønskjer å utarbeide ei brukarundersøking til innbyggjarane i våre tre kommunar, for å kunne følge med korleis det private forbruket,- og vilje til endring av dette, utviklar seg over tid. I tillegg til dette ønsker vi å skaffe relevant statistikk frå kollektivselskap m.fl. Vi ynskjer også å gjennomføre studietur til Trondheim for å sjå på gode klima-, og miljøtiltak.
Søknad om tilskot til miljøfyrtårnsertifisering, Lærdal kommune	Lærdal kommune	200 000	87 200	Bakgrunn Lærdal kommune er i gang med revisjon av kommunedelplan for energi og miljø frå 2007, og har nyleg sendt ut planprogram for det som no vert ein kommunedelplan for klima, energi og miljø. Miljøfyrtårnsertifisering er eit viktig tiltak i planen for oppstart av konkret arbeid med oppfølging av planen.

Klimavennleg areal - og transportplanlegging	Samnanger kommune	50 000	50 000	Bilen og parkering har vert dominerande i utviklinga av Bjørkheim, som er sentrum i Samnanger. Kommunen ønskjer no ei meir planmessig utbygging for å kunne møta framtida sine utfordringar og skapa et framtidig attraktivt sentrumsmiljø. Vi søker om klimamidlar for å få klima sterkare inn i planlegginga på eit overordna nivå og på eit tidleg stadium i arbeidet med revisjon av områdeplanen på Bjørkheim.
Kick off for "Operasjon nullutslepp 2030 - Stord kommune"	Stord kommune	50 000	20 000	Stord kommune har teke mål av seg om å bli nullutsleppskommune innan 2030. Me ynskjer å gjennomføra eit større arrangement for å lansera og skapa engasjement for dette målet i heile lokalsamfunnet vårt. Pga koronasituasjonen ser me for oss at arrangementet vert i form av eit webinar, med ulike innslag retta mot ulike delar av befolkninga. Arrangementet vil haldast i samband med Stord vgs sine Berekraftsveker i veke 7-8. Samarbeidspartnarar er Stord vgs, Stord næringsråd, HVL, Miljøagentane m.fl.
"Fossil nærløft - vegen ut"	Fitjar kommune	250 000	150 000	60 % av innbyggjarane i Fitjar bur i ein radius frå sentrum på 2 km i gangavstand. På tross av dei relativt korte avstandane har sentrum ein ÅDT på 3300 bilar, som er like mykje som E-39 ferjesamband Halhjem- Sandvikvåg. Målet i KPS er å redusere den fossile nærløftet med 50 % innan 2030, og det krev ei vesentleg omlegging av folk sitt trafikkmønster: Dynamisk transport – Redesign av bruksmønster i nærløftet gjennom konkrete trafikktiltak, innovasjon og mobilisering av innbyggjarane.